



Norsk studentorganisasjon

Holbergs gate 1 / 0166

Oslo

T: 22 04 49 70

E: nso@student.no

W: www.student.no

Høringsuttalelse

Høring - Forslag fra utvalg om endring i stillingsstrukturen

Dato: 26.09.2018

Utdanning og forskning – to komplimentære einingar.

Norsk Studentorganisasjon (NSO) vil med dette takka djupt for høvet til å koma med innspel til høyringa rundt forlaget om endring i stillingsstrukturen. Dette er ei sak me prioriteter høgt, då utfallet her vil vera ein klår indikator på kor sektoren ønskjer å gå i spørsmålet om eit balansert og samanhengande fokus på forskning og utdanning. Det er med denne bakgrunnen at me har ein del kommentarar.

Målsettingar og generell kommentar i ein god stillingsstruktur

Stillingsstrukturen sin hovudfunksjon må, som utvalet sjølv indikerer, vera å dekkja dei oppgåvene og funksjonane som trengs i sektoren. Av det følgjer det at det stillingsstrukturen ikkje legg til rette for – ikkje vil verta gjort. Utvalet legg til grunn to hovudspørsmål: 1. Dekkar stillingsstrukturen spekteret av oppgåver som det vert forventa at høgskular og universitet skal dekkja, og 2. Legg stillingsstrukturen godt nok til rette for karrierveggar som er attraktive for søkarar, og som stimulerer til fagleg utvikling gjennom heile karrieren? Dette er me heilt einige i at er spørsmål som er sentrale for ein god stillingsstruktur, men så lenge ein ikkje legg til grunn at ei av oppgåvene til universitet og høgskular er å balansera fokuset på forskning og utdanning, og at dette må takast omsyn til når ein ser på den faglege utviklinga gjennom karrieren, så er me ikkje heilt i mål. Målet må vera å ha eit stillingssystem som gjer det attraktivt å forska og attraktivt å tilby god utdanning, og det må anerkjennast at dei to komplimenterer kvarandre, heller enn å vera i konflikt med kvarandre – slik ein ofte kan få inntrykk av. Den beste forskaren underviser, og den beste undervisaren forskar. Knytt til målsettingar og potensiale i stillingsstrukturen meiner NSO at:

- Endring i stillingsstrukturen har sterkt potensiale til å forma ein ny og betre UH-sektor ved å innføra reell likestilling og samheng mellom forskning og utdanning, og alle endringar i stillingsstrukturen må gjennomførast med ei klår målsetting om å gå til gangs med dagens utfordringar på dette feltet.

Denne grunnleggjande målsettinga om å sjå utdanning og forskning i samheng let utvalet til å dela, og dette ser NSO på som særst positivt. Det me derimot er meir skeptiske til, er om dei konkrete forslaga til endringar kjem til å oppfylla denne intensjonen i tilstrekkeleg grad, eller i verste fall ikkje i det heile.

Talet på karrierestigar

Dersom målet, som utvalet sjølv konstaterer, er å få eit meir balansert fokus på undervisning og forskning, så fell det på si eiga urimelegheit å leggja til grunn ein stillingsstruktur med ein forskningstung kombinert stige på den eine sida, og ein forskar/lektor-stige kor ein anten forskar, underviser eller driv med anna utviklingsarbeid på den andre sida. Ein kan prøva å argumentera for at kombinasjonsstillingane fyrstemanuensis og professor ikkje er vekta mot korkje utdanning eller forskning, men her vil ein ikkje ha bevisa på si side. Ein treng berre sjå på kva for incentiveringssystem og meritteringssystem som eksisterer, eller for så vidt berre vitja UH-sektoren (uttrykka

«forskningsrett» og «undervisningsplikt» eksisterer ikkje utan grunn), for å sjå at systemet er bygd rundt det å sjå forskning og utdanning som to strengt separate einingar, kor forskning stort sett står som prioritert kjerneverksemd. Me skal meir tilbake til detaljane rundt merittering og incentivering, men alt dette og mykje meir er årsaka til at me vil argumentera sterkt for eitt einskapleg kombinert karrierløp (når me her og i det følgjande argumenterer for ein stige, ser me vekk frå fagstøtte-stigen, sjølv om me ikkje er direkte imot denne. Den vil få eit eige avsnitt lengre nede), kor ein fokuserer på utdanning og forskning i lik grad, og ser desse i samanheng. Skal ein fyrst endra strukturen for å nå dei måla ein sett seg her, så må ein vera villige til å tenkja meir nytt enn å endra namnet på dagens lektor-stige til ein forskar-/lektor-stige. I forslaget som ligg til grunn no, kan det sjå ut som det er sistnemnde som er gjort. Då har ein til alle praktiske føremål ikkje gjort anna enn å plassera eksternfinansierte forskarstillingar saman med lektor-stigen.

Talet på karrierestigar må reflektera eit ønskje om å ha eit heilskapleg syn på verksemda. Me vil difor argumentera sterkt for ein stillingsstruktur men ein stige, som skal dekkja alle dei funksjonane ein har i dei to løpa som utvalet foreslår (amanuensis-professor og forskar-lektor). Som kombinert stillingsstige vil denne ha den fleksibiliteten ein treng for å løysa alle oppdraga som er å finna i sektoren. Eksternfinansierte forskarar skal òg inkluderast i denne stigen, då utvalet sjølv seier at dette er ein uutnytta fagleg ressurs i undervisninga i dag. Det ein hovudsakleg treng for å få dette til, er å få på plass gode moglegheiter for eksternfinansierte til å utføra meritterande undervisningsarbeid (for me legg absolutt til grunn at både forskning og undervisning skal meritterast på heilt lik linje i eit nytt karriereløp). Ei ordning der dagens eksternfinansierte, dagens lektorar og dagens amanuensar blir plassert i same karriereløp, vil kunna løysa utfordringa med å utnytta den faglege ressursen som dei eksternfinansierte representerer - i undervisninga. Samstundes kan ein få på plass gode høve for desse til å kvalifisera seg for faste stillingar. Denne heilskaplege karrierestigen kan kallast ein professorstige, då professor med høg grad av sannsyn vil utgjera det høgste nivået på stigen. Me legg til grunn tilstrekkeleg grad av institusjonell autonomi ved implementering, og at stigen må vera fleksibel nok til å fylla dei funksjonane ein treng. Det framstår for oss som ganske merkeleg at utvalet foreslår ein stort sett heilt uendra professor-stige med bakgrunn i at tilsette her har mykje fast definert forskningstid, når dei tidlegare i rapporten argumenterer for verdien av å sjå forskning og utdanning i samanheng og at undervisarar forskar og visa versa. Den høgste aspirasjonen i akademia bør vera å kvalifisera seg, samt rykka opp, i eit karriereløp - med bakgrunn i sine merittar innanfor undervisning og forskning. Difor meiner me kort oppsummert at:

- Det å dela inn stillingsstrukturen så asymmetrisk som utvalet let til å gjera her – til fordel for eit singulært forskingsfokus – ikkje vil oppfylla det som må vera målet med systemendringa: Å likestillta forskning og utdanning som sentrale deler av UH-verksemda.
- Følgjeleg må det nye karrieresystemet må bestå av ein stige med kombinerte stillingar. Her skal alle funksjonane i forskar-lektorstigen og professor-løpet inkluderast, slik at ein vil stå i sterkare posisjon til å sikra likt fokus på utdanning og forskning (gjennom til dømes gode meritterings- og insentiveringssystem) og hindra aktiv nedprioritering av ei av kjerneoppgåvene.

Stillingsystem og meritteringssystem sett i sammenheng

I tillegg til ein einskapleg stillingsstruktur, er me heilt nøydde å ha på plass likeverdige meritteringssystem ved kvalifisering og opprykk, om ikkje heilt nydefinering av kva omgrepet fyrstekompetanse skal innehalda, slik at det tek høgd for ein samstilt fokus. Målet skal vera å gje dei tilsette like store insentiv for å driva god undervisning, som ein gjev for å driva god forskning, og å leggja til grunn at desse to delane av kjerneverksemda vår er komplimentære einingar for det særskilde tilsette, slik nemnd føre. Dersom ein berre insentiverer/meritterer til fordel for det eine, så vil ein til alle praktiske føremål disinsentivera mot det andre, fordi ein til sjuande og sist ikkje vert vurdert på det. Ein ville aldri kvalifisert/gjeve ein person opprykk med bakgrunn i at "vedkomande kan tileigna seg forskingsferdigheitene etter kvart". Kvifor skal det same vera akseptabelt innanfor utdanning/undervisning når ein i alle sine prinsipielle ytringar løftar desse som samanhengande deler av vår kjerneverksemd? Ved universitet og høgskular vert det stundom trekt fram at studentar ikkje har kompetansen som vert forventa innanfor til dømes akademisk skriving, grunnleggjande forskning og anna vitskapleg syssele. Dette kan jo ikkje vera anna enn eit argument for at me treng utdannarar som er røynde forskarar og forskarar som kan å formidla sine resultat og sitt handverk på ein god måte! Vidare så meiner me at ei innføring av ein einskild (potensielt noko lengre) karrierestige har potensiale for å gjera det lettare å innføra meir effektive meritteringsordningar, fordi meritteringssystema fungerer innanfor dei spesifikke karrierestigane dei er designa for.

Stillingstitlar

Me meiner som sagt at det skal vera ein karrierestige. Nøyaktig kva titlane på kvart nivå i stigen skal heita er ikkje like viktig for oss som funksjonane som stigen er meint å sikra. Med det sagt så ser me for oss at dei øvste trinna i stigen bør heita fyrsteamanuensis og professor - lik som i utvalet sitt forslag til professorstige. Det er fleire grunnar til dette. Både for å gjera det meir internasjonalt kompatibelt, men òg for at desse i dag er kombinerte stillingar med høg status, som kan tilpassast til å omfatta fleire funksjonar. Den eventuelle stigen må òg framleis ha eit kvalifiseringsnivå, kor til dømes både postdoktorar og eksternfinansierte forskarar skal vurderast på bakgrunn av sine forskings- og utdanningsmerittar dersom dei ønskjer innpass i faste akademiske stillingar, og for å rykka vidare opp på stigen. Sjølv om toppnivået i denne stigen vil dela namn med dagens (og utvalets) professorstige må han likevel formast meir fleksibelt enn denne, då han som nemnd har tydeleg definert forskningstyngd.

Vidare ser me ikkje heilt kva innføringa av fakultetsprofessor skal føra med seg av goder for universitets- og høgskulesektoren, eller kva for funksjon dette nye nivået skal ha. Me ser at dette er eit forsøk på å formalisera ei ordning med professorar på eit R4-nivå (fase 4-nivå), for å tilpassa det til EU, men er redde dette ikkje vil føra til nemneverdige kvalitetsløft. Difor meiner me det bør vera tilstrekkeleg å ha professor som øvste nivå i stigen.

Kvalifiseringsstillingar

Norsk studentorganisasjon vil gjerne gje utvalet full honnør for å kasta ljøs rundt, samt å foreslå løysingar på, dagens bruk av postdoktorar og andre liknande midlertidige stillingar. Me støttar heilhjarta ei tydeleggjering av desse stillingane for å gjera dei til reelle

kvalifiseringsstillingar. Dagens bruk av midlertidigheit er lett å samanlikne med rein rovdrift på arbeidstakarar, og legg ikkje grunnlag for eit trygt og godt karriereløp i det heile. Rapportar trekk fram kor usikker kvardagen til innehavarar av midlertidige stillingar i sektoren kan vera. .

Mobilitet og tydelegheit

Anten resultatet vert ein eller fleire karrierestigar i stillingsstrukturen, så vil det uansett vera behov for ei tydeleggjering av karrieremoglegheitene samt den graden av mobilitet som skal vera mogleg innanfor strukturen. Dette var noko sakna i utvalet sin rapport, og er noko me meiner vert meir tydeleg med ein forlenga einskapleg stige slik me foreslår. Her er det meir eller mindre tydeleg at det er frå fyrsteamanuensis og oppover at det fyrst vert snakk om kvalifisering i den forstand me kjenner det.

Fagstøttestigen

Når det kjem til den foreslåtte fagstøtte-stigen så vil me applaudera utvalet med eit steg i ein særers positiv retning. Å gje dei tiltenkte stillingane anerkjennelse ved å gje dei eit eige karriereløp ser me på som utelukkande positivt. Likevel ser me oss nøydde til å stilla spørsmål om kor vidt den foreslåtte fagstøtte-stigen er dekkjande for alle dei stillingane som kan kategoriserast som fagleg støtte, og om titlane i stigen vil føra med seg eit så stort status-løft som desse stillingane opplagt fortener.